



Forskrift om forbod mot bruk av ild for Nissedal, Fyresdal, Tokke, Vinje, Seljord og Kviteseid kommune.

Hjemmel: Fastsett av brannsjefen i Vest-Telemark brannvern IKS 16.06.2023 med hjemmel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og ekspljosjonsvernloven) § 5, jf. forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 3 fjerde ledd, jf. selskapsavtala § 5.

§ 1 Formål

Forskrifta skal bidra til å redusere sannsynligheten for brann.

§ 2 Virkeområde

Forskrifta gjeld innanfor kommunegrensene til Nissedal, Fyresdal, Tokke, Vinje, Seljord og Kviteseid kommune.

§ 3 Kva som kan forståast med innmark og utmark¹

- a. Som innmark reknast i denne forskrifta gardsplass, hustomt, dyrka mark, engslått og kulturbeite samt liknande område kvar allmenhetens ferdsel vil vera til urimeleg fortrengsel for eigar eller brukar
- b. Med utmark meiner denne forskrifta udyrka mark som etter føregåande ledd ikkje reknast like med innmark.

§ 4 Forbod mot bruk av ild i utmark og innmark

Det er forbudt å gjere opp ild som å brenne bål, bruke grill, stormkjøkken, andre kokeapparat, bålpanner og anna brenning med fast brensel (ved, kol, brikettar, gras, greiner o.l.) i skog og anna utmark, samt innmark med unntak av grilling i eigen hage, på parkeringsplassar, skulegardar og idrettsplassar som ikkje er i eller i nærleiken av skog og anna utmark.

Forbodet om å gjere opp ild i fyrste ledd gjeld også sankthansbål og tilrettelagte bål- og grillplassar.

§ 5 Straff

Den som forsettleg eller uaktsomt overtrer denne forskrifta, straffast med bot eller fengsel, jf. brann og ekspljosjonsvernloven § 42.

§ 6 Inkrafttredelse og varighet

Forskrifta trer i kraft 16.06.2023 kl. 14.00. Forskrifta gjeld inntil vidare, men ikkje lengre enn til og med 31.07.2023.

¹ Jf. lov 28. juni 1957 nr. 16 om friluftslivet (friluftsloven) § 1a.